

Knytta til rettleiaren
**Periodisert
virksomhetsregnskap
i staten**

Denne vegtleiaren er ikkje oppdatert i henhold til SRS av august 2015

Rettleiar

Bruk av periodisert rekneskap
og nøkkeltal i styringa i staten

Denne vegleiaren er ikkje oppdatert i henhold til SRS av august 2015.

Innhold

1	Rekneskapen som fundament i etats- og verksemdsstyringa	4
2	Styringsinformasjon frå verksemdsrekneskapen	5
2.1	Overordna styringsinformasjon	6
2.2	Om bruk av nøkkeltal frå rekneskapen	8
2.3	Nøkkeltal frå årsrekneskapen	8
3	Vedlegg 1: oversyn over nøkkeltal	22
4	Vedlegg 2: rekneskapstal dømeverksemda	28

Denne vegleiaren er ikkje oppdatert i henhold til SRS av august 2015.

Bruk av den periodiserte verksemdsrekneskapen i styringa

Føremålet med denne rettleiinga er å visa at informasjon frå den periodiserte verksemdsrekneskapen er nyttig i styringa av statlege verksemder. Fyrste delen forklarar kvifor både rekneskapsinformasjon og informasjon frå andre kjelder er naudsynte for å støtta at verksemdsstyringa samsvarar med økonomiregelverket. I andre delen vert styringsinformasjon frå verksemdsrekneskapen og eit utval nøkkeltal presenterte.

Tala som vert nytta i døma i rettleiinga, er henta frå dømeverksemda i rettleiinga Periodisert virksomhetsregnskap i staten (DFØ, 2011). Resultatrekneskap, balanse og notar for dømeverksemda ligg ved (vedlegg 2).

1 Rekneskapen som fundament i etats- og verksemdsstyringa

Styringsinformasjon er meint å gjeva kunnskap om oppnådde resultat ut ifrå strategiar og mål. Styringsinformasjonen bør femna om både eksterne resultat, til dømes brukar- og samfunns-effektar, og interne resultat som er knytte til til dømes innsatsfaktorar, aktivitetar/prosessar og produkt/tenester. Det er naudsynt å fylgja utviklinga over tid.

Økonomiregelverket for staten inneheld føresegner knytte til dette. Økonomiregelverket gjeld for alle statlege forvaltingsorgan, det vil seia departementa og dei underliggjande verksemdene. Etter § 1 i Reglement for økonomistyring i staten er føremålet å tryggja at:

- statlege midlar vert nytta og inntekter oppnådde i samsvar med vedtak og føresetnader i Stortinget
- fastsette mål og resultatkrav vert oppnådde
- statlege midlar vert nytta effektivt
- dei materielle verdiane i staten vert forvalta på ein forsvarleg måte

Både etatsstyringa i departementa og den interne styringa til verksemdene skal leggja vekt på desse omsyna, jf. § 9 i Reglement for økonomistyring i staten og kapitla 1 og 2 i Føresegner om økonomistyring i staten.


Rapporteringa til statsrekneskapen gjev hovudsakleg informasjon om inn- og utbetalingar og er eigna til å kontrollera i kva grad den tildelte løyvinga er nytta. Ein periodisert rekneskap avlagd i samhøve med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), jf. punkt 2.2, gjev tilleggsinformasjon om inntekter, kostnader, egedelar og gjeld.

I forvaltninga av egedelane til verksemdene hjelper den periodiserte rekneskapen til med styringsinformasjon ved at verdien av egedelane vert synleggjord i balansen, og at avskrivingar vert viste i resultatrekneskapen. Dette er styringsinformasjon som ikkje kjem fram i rapporteringa til statsrekneskapen.

Effektiv ressursbruk i staten tyder at samfunnet får mest mogeleg att for dei midlane som vert løyvde til ulike føremål. Difor er det ein føresetnad at det finst informasjon om resultatata til verksemda ut ifrå ressursbruken. Kostnadsinformasjon er naudsynt, men ikkje tilstrekkeleg, for å kunna støtta og dokumentera effektiv ressursbruk¹ i den einskilde verksemda. I tillegg til å fylgja denne utviklinga i eiga verksemd over tid kan det vera nyttig å samanlikna eiga verksemd med resultatinformasjon frå likearta verksemder.

Rekneskapsinformasjon må difor kombinerast med annan informasjon for å gjeva leiinga grunnlag for planlegging, gjennomføring og oppfylgning i samhøve med økonomiregelverket.

Figur 1: Rekneskapsinformasjon må kombinerast med annan informasjon for å kunna gjeva dekkjande styringsinformasjon.



2 Styringsinformasjon frå verksemdsrekneskapan

Den periodiserte verksemdsrekneskapan oppsummerer inntektene, kostnadene, eignedelane og gjelda til verksemda. Det er ei sentral informasjonskjelde for å få oversyn over den økonomiske stoda til verksemda, og for å kunna føra kontroll med dei økonomiske disposisjonane til verksemda i tråd med §§ 4, 9 og 12 i Reglement for økonomistyring i staten.

Kjennskap til verksemda og rekneskapan avgjer om det er naudsynt å samla inn meir informasjon. Når me har nok informasjon, kan me byrja analysera om verksemda vert driven effektivt ut ifrå kostnader, fastsette mål og resultatkrav. Slik informasjon kan til dømes vera tidlegare verksemdsrekneskapar og årsrapportar, eventuelt òg frå likearta verksemder. Det er òg viktig å få avklåra om rekneskapspraksis for vedkomande år er endra i høve til tidlegare år, om DFØ har gjeve unnatak frå SRS, og kva grunngeving og konsekvensar dette har for rekneskapan.

¹ I kapittel 4 i DFØs rettleiar Resultatmåling - Mål- og resultatstyring i staten (2010) vert det skildra føresetnader, mogeleg framgangsmåte og metodikk for å kunna måla effektiv ressursbruk.

2.1 Overordna styringsinformasjon

Det er nyttig å få oversyn over dei sentrale talstorleikane for verksemda, som driftsinntekter og driftskostnader, kostnadssamansetnad, kontantstraumar og eventuell verksemdskapital. Desse kan lesast direkte ut frå verksemdsrekneskapen. Taldøma nedanfor er baserte på rekneskapen for dømeverksemda i vedlegg 2.

Inntekter og kostnader

Figur 2 viser tilhøvet mellom driftskostnadene og inntektene til verksemda, det vil seia løyving og andre inntekter.² Skilnaden mellom søylene svarar til rekneskapslina resultat av ordinære aktivitetar.

Figur 2: Inntektene og kostnadene til dømeverksemda, tala på søylene i mill. kr




Figuren viser at inntektene er noko reduserte medan kostnadene har auka frå 20x1 til 20x2. Samla inntekt er redusert med 2,15 prosent (1,95 mill. kroner). Transaksjonsbaserte inntekter er auka noko, medan inntekt frå løyving er redusert. I same perioden har kostnadene auka med 6,2 prosent (5,3 mill. kroner). Både lønskostnader, andre driftskostnader og avskrivningar har auka. Dersom årsakene til desse endringane ikkje er omtala i leiingskommentarane eller rapporteringa elles, er det grunn til å beda om meir informasjon.

² I periodisert rekneskap etter SRS vert utgiftsløyvinga rekneskapsførd som ei inntekt, sjå rettleiaren Periodisert virksomhetsregnskap i staten (2011) for forklaring av inntektene.

Kostnadssamansetnad

Eit oversyn over kostnadssamansetnaden viser hovudgruppene av kostnader og det innbyrdes tilhøvet mellom dei. Dette gjev til dømes eit inntrykk av kor arbeidskraftsintensiv verksemda er, og korleis utviklinga har vore frå året før. Figur 3 viser korleis driftskostnadene til verksemda for- deler seg på avskrivningar, andre driftskostnader og løn og sosiale kostnader.

Figur 3: Kostnadssamansetnaden til dømeverksemda, tala på søylene i mill. kr



Figuren viser at lønskostnadene til dømeverksemda utgjer om lag halvparten av kostnadene, og at dei aukar frå år 20x1 og 20x2.

Note 2 i rekneskapen gjev informasjon om talet på årsverk, og det går der fram at talet på årsverk har auka med to. Her bør me spørja om auken i løns- og sosiale kostnader ut ifrå auken i årsverk.

Andre driftskostnader, spesifiserte i note 3 i rekneskapen, har auka med 4 prosent. Det kan vera nærliggjande å analysa dette nærmare, jf. nøkkeltal 7.

Kontantstraumane

Kontantstraumsoppstillinga gjev eit oversyn over inn- og utbetalingane til verksemda. Oppstilling etter den direkte modellen fordeler kontantstraumane på tre hovudaktivitetar: operasjonelle aktivitetar, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar.

Dømeverksemda har hatt ein nedgang i netto trekk på konsernkonto på 2 mill. Kontantstraumoppstillinga i rekneskapsrapporten viser kva inn- og utbetalingar endringa er samansett av. Dømeverksemda har investert for om lag 4,7 mill. kroner i 20x2, som er ein nedgang frå 20x1.

Samansetnad av verksemdskapitalen

Nettobudsjetterte verksemdar har i nokre høve fått fullmakt til å byggja opp verksemdskapital som skriv seg frå inntekter frå oppdrag (jf. note 8 i rekneskapsrapporten). Slik opptent kapital kan nyttast til å finansiera framtidig aktivitet. Dømeverksemda er bruttobudsjettert og har ikkje høve til å byggja opp verksemdskapital.

Den overordna styringsinformasjonen frå den periodiserte rekneskapsrapporten gjev oversyn over den økonomiske stoda til verksemda og er eit utgangspunkt for vidare analyse av aktivitetane og resultatane til verksemda.

2.2 Om bruk av nøkkeltal frå rekneskapsrapporten

Nøkkeltal frå rekneskapsrapporten kan gjeva eit godt grunnlag for å kunna vurdere dei økonomiske disposisjonane i verksemda ut ifrå mål og andre føringar, utan å måtte gå gjennom heile rekneskapsrapporten i detalj. Eit nøkkeltal kan vera eit enkelt rekneskapsstørrelse eller eit høvetal. Nøkkeltal kan til dømes brukast i planlegginga og oppfølginga (budsjettering og kostnadskontroll). Eit utrekna nøkkeltal gjev betre styringsinformasjon når me ser det i ein relevant samanheng, til dømes ut ifrå målet til nøkkeltalet, og når me fylgjer det over tid. Samanlikning internt eller med andre likearta verksemdar kan òg vera nyttig.

Styringsparametrar måler i kva mon verksemda når måla sine, og vert primært fylgde opp av leiinga i verksemda og/eller departementet. For statlege verksemdar vil måloppnåing sjelden uttrykkjast i form av rekneskapsstørrelse ålener. Nøkkeltal kan likevel kasta ljøs over tilhøve som er kritiske for måloppnåinga, og i slike høve kan dei nyttast som styringsparametrar for ein kort eller lang periode.

2.3 Nøkkeltal frå årsrekneskapsrapporten

I dette avsnittet presenterer me eit sett nøkkeltal baserte på den periodiserte verksemdsrekneskapsrapporten. Fleire av nøkkeltala kan òg nyttast for analyse av delårsrekneskapsrapporten utarbeidde i samhøve med SRS.

Dei utvalde nøkkeltala kastar ljøs over tilhøve som kan vera relevante for statlege verksemdar, jf. §§ 4 og 9 i Reglementet for økonomistyring i staten. Desse nøkkeltala er ikkje meinte å vera uttømmende for kva tilhøve som er relevante for kvar statleg verksemd, og for somme verksemdar er nokre nøkkeltal meir relevante enn andre. Relevansen og verdet av kvart enkelt nøkkeltal er avhengig av eigenarta og stoda til verksemda og om brukaren av rekneskapsrapporten er ekstern eller intern.

I det fylgjande presenterer me nøkkeltala med utrekningsformel og døme på moglege oppfølgingsspørsmål. Nøkkeltala vert utrekna med talstorleikar frå rekneskapsrapporten til dømeverksemda i rettleiaren periodisert virksomhetsregnskap i staten (vedlegg 2) der dette er moglege.

Vedlegg 1 gjev eit tabellarisk oversyn over nøkkeltala.

Nøkkeltal 1: Løyvingsdel

Nøkkeltalet løyvingsdel er mest relevant dersom heile eller delar av verksemda har vesentlege transaksjonsbaserte inntekter. Eit fagdepartement kan ha fleire underliggjande verksemder med store transaksjonsbaserte inntekter. I slike høve kan løyvingsdelen vera eigna som nøkkeltal når me skal vurdere utviklinga i den samla finansieringa av aktivitetane i sektoren. Nøkkeltalet bør fylgjast over tid og målast mot fastsette mål. Ein låg eller minkande løyvingsdel kan tyda at verksemda i tida frametter bør vurdere risikoen ved finansiering og aktivitetsnivå.

Driftsinntektene er spesifiserte i note 1 i rekneskapan. Sum driftsinntekter er den samla finansieringa som verksemda skal nytta til å gjennomføra aktivitetane.

Løyvingsdel

$$\text{Formel: } \frac{\text{Inntekt frå løyving}}{\text{Sum driftsinntekter}} \times 100$$

Løyvingsdelen uttrykkjer prosentvis delen inntekt frå løyving ut ifrå dei samla inntektene til verksemda.

Rekneskapan til dømeverksemda pr 31.12.20x2:

Utrekning: $(30\,469\,103 / 88\,760\,863) \times 100 = 34,3 \%$

Dømeverksemda har borte mot 2/3 av inntektene sine frå gebyr og sals- og leigeinntekter.

Løyvingsdelen frå året før var 36,12 prosent, det vil seia ein liten nedgang.

Døme på oppfylgingsspørsmål:

- Er storleiken på transaksjonsbaserte inntekter i tråd med føremålet eller målet til verksemda?
- Kor høgt prioriterer dei aktivitetar som kjem frå transaksjonsbaserte inntekter, sett ut ifrå løyvingsfinansierte aktivitetar?
- Ventar ein at framtidig løyvingsdel kjem til å vera stabil?
- Kva risiko knyter seg til utviklinga i framtidige inntekter, både transaksjonsbaserte inntekter og inntekter frå løyvingar?

Nøkkeltal 2: Lønskostnadsdel

For mange statlege verksemder er løn og sosiale kostnader meir enn 50 prosent av dei samla kostnadene. Lønskostnadsdelen er difor ofte relevant å bruka som ledd i styringa (både planlegging og oppfølging) av kostnadsutviklinga i ei verksemd. Samanlikning med likearta verksemder kan gjeva nyttig informasjon og initiera andre analysar. Løn og sosiale kostnader kjem fram som ei rekneskapsline i resultatrekneskapan og er spesifisert i note 2 i rekneskapan.

Lønskostnadsdel

$$\text{Formel: } \frac{\text{Løn og sosiale kostnader}}{\text{Sum driftskostnader}} \times 100$$

Lønskostnadsdelen uttrykkjer prosentvis delen løn og sosiale kostnader ut ifrå driftskostnader.

Utrekning av lønskostnadsdelen kan både brukast når me vurderer utviklinga i lønskostnadene samanlikna med andre kostnader, og som utgangspunkt for å studera utviklinga i andre kostnader, som til dømes kjøp av konsulenthjelp.

Om sjukelønsrefusjon (kan hentast frå note 2 i rekneskapen) bør takast med i utrekninga, bør me vurdere konkret i kvart ein skilt høve mellom anna ut frå kva som skal målast. Dersom sjuke- lønsrefusjonen går inn i utrekninga, medverkar det til å gjera synleg endringar i refusjonane.

Rekneskapen til dømeverksemda pr 31.12.20x2:

Utrekning: $(45\,045\,270 / 91\,230\,267) \times 100 = 49 \%$

Løn og sosiale kostnader er 49 prosent av driftskostnadene til verksemda. Dette er ein auke frå året før, der utrekna nøkkeltal var 48 prosent. Løn og sosiale kostnader har auka med 3,4 mill. kroner, og talet på tilsette har auka med to frå 20x1 til 20x2 (jf. note 2 i rekneskapen).

Døme på oppfylgningsspørsmål:

- Har lønskostnadsdelen endra seg over tid?
- Er ein eventuell reduksjon ein konsekvens av meir kjøp av konsulenthjelp?
- Kva utvikling er det i overtidsbruken?
- Er dei sosiale kostnadene reduserte?

Nøkkeltal 3: Årsvervskostnad

Årsvervskostnad er nyttig å bruka som ledd i planlegging og oppfylgning av kostnadsutviklinga over tid i ei verksemd.

Samanlikning av årsvervskostnad med tilsvarende verksemdar kan òg gjeva grunnlag for andre analysar. Løn og sosiale kostnader kjem fram som ei rekneskapsline i resultatrekneskapen og er spesifisert i note 2 i rekneskapen. Talet på årsverk går fram av same noten.

Årsvervskostnad

$$\text{Formel: } \frac{\text{Løn og sosiale kostnader}}{\text{Talet på årsverk}}$$

Årsvervskostnad uttrykkjer gjennomsnittleg direkte kostnad pr årsverk.

Rekneskapan til dømeverksemda pr 31.12.20x2:

Utrekning: 45 045 270 / 81 = 556 114 kroner

Ei jamføring av årsvervskostnaden for 20x1 og 20x2 viser at han har auka med 5,6 prosent. I same periodeen har talet på årsverk auka med berre 2 (2,5 prosent). Dette kan indikera fleire ting, til dømes endra personalsamansetnad eller høgare pensjonspremie m.m.

Døme på oppfylgningsspørsmål:

- Har årsvervskostnaden endra seg over tid?
- Har personalsamansetnaden endra seg?
- Har bruken av overtid endra seg?

Nøkkeltal 4: Resultatgrad

Resultatomgrepet i rekneskapsoppstillinga viser differansen mellom inntekter og kostnader i drifta. Ei høg positiv eller negativ resultatgrad over fleire år for ei statleg verksemd gjev grunn til å stilla spørsmål ved løyvingsnivået og/eller aktivitetsnivået i verksemda. Vurderinga av kva som er ei høg eller låg resultatgrad, er avhengig av eigenarta til den einskilde verksemda.

For ordinære forvaltingsorgan skal resultatgrada i prinsippet vera lik null. Nøkkeltalet bør fylgjast over tid.

Resultatgrad

$$\text{Formel: } \frac{\text{Resultat av aktivitetane i perioden}^*}{\text{Sum driftsinntekter}} \times 100$$

Resultatgrad uttrykkjer prosentvis avvik i utnyttinga av den økonomiske ramma til verksemda.

** For nettobudsjetterte verksemder som har fullmakt til å ha ekstern finansiert verksemd, er det føremålstenleg å byta ut teljaren i nøkkeltalet med rekneskapstalet «avrekning løyvings-finansiert verksemd». Denne avrekninga kan vera ulik frå resultatet av aktivitetane i perioden på grunn av høvet til å disponera overskot til verksemdskapital.*

Rekneskapan til dømeverksemda pr 31.12.20x2:

Utrekning: $(-2\,469\,405 / 88\,760\,863) \times 100 = -2,8 \%$

Ei samanlikning av resultatgrada til dømeverksemda i åra 20x1 og 20x2 viser at ho har gått ned frå 5,3 prosent til -2,8 prosent. Endringa tyder på at det økonomiske handlingsrommet er betre utnytta i 20x2 enn året før. Det er grunn til å følgja utviklinga i dei neste åra for å sjå om det kjem opp like store svingingar mellom åra, eller om resultatgrada vert stabilisert.

Døme på oppfylgingsspørsmål:

- Er alle planlagde/pålagde aktivitetar vorte utførde?
- Er nokon aktivitetar under-/overfinansierte?
- Kva er forklåringa/årsaka dersom avviket er systematisk?
- Er eit eventuelt mindreforbruk knytt til aktivitetar som kjem av transaksjonsbaserte inntekter eller inntekter frå løyvingar?
- Er transaksjonsbaserte inntekter krysssubsidierte?

Nøkkeltal 5: Oppteningsgrad (berre aktuelt for nettobudsjetterte verksemdar)

Endringar i verksemdskapitalen er resultateffekten av gjennomførde aktivitetar finansierte frå oppdrag. Utrekning av oppteningsgrad gjev i fyrste rekkje nyttig informasjon i styringa av verksemdar med store transaksjonsbaserte inntekter.

Oppteningsgrad (berre relevant for nettobudsjetterte verksemdar)

$$\text{Formel: } \frac{\text{Resultat i perioden}}{\text{Inngående beholdning verksemdskapital}} \times 100$$

- Oppteningsgrad uttrykkjer prosentvis endring i verksemdskapitalen frå transaksjonsbaserte aktivitetar mellom to periodar.
- Teljaren skal vera resultatet av perioden etter avrekningar med statskassa.

Dømeverksemda er eit ordinært forvaltingsorgan og har ikkje fullmakt til å byggja opp verksemdskapital. Oppteningsgrad er difor ikkje aktuelt i dette høvet.

Døme på oppfylgingsspørsmål:

- Følgjer utviklinga i verksemdskapitalen strategien til verksemda?
- Kan verksemda dokumentera at eventuell oppbygging av verksemdskapital ikkje kjem av inntekter frå løyvingar (krysssubsidierting), jf. note 8 i rekneskapan?

Nøkkeltal 6: Varekostnad

Varekostnad viser til forbruket av varer som innsatsfaktorar i produksjonen til verksemda. Varekostnad må ikkje forvekslast med utbetaling for varekjøp i perioden.

For verksemdar der den inntektsgejvande aktiviteten er knytt til særskilde einingar eller prosjekt, kan nøkkeltalet splittast opp, så kvar eining/kvart prosjekt kan fylgjast opp i den interne styringa. SRS 12 skildrar prinsippa for verdifastsetjing av varelager, der hovudprinsippet er at lageret skal vurderast til lågaste verdi av innkjøpskost og verkeleg verdi. I note 12 i rekneskapen er varelageret splitta på lager innkjøpt til internt bruk og lager mynta på vidareasal. Desse opplysningane er til god hjelp i ei vurdering av kostnadsutviklinga for varer. I rekneskapen til dømeverksemda for 20x2 er det ikkje rekneskapsført nokon varekostnad.

Døme på oppfylgningsspørsmål:

- Har det vorte gjort nokon nedskrivningar/kasseringar av varelageret (skade, svinn osv.)?
- Er verdifastsetjinga av varelageret reell?
- Kor gunstige er innkjøpsavtalene til verksemda, og er eventuelle rabattar utnytta?
- Korleis er utviklinga i varekostnadene frå tidlegare periodar?

Nøkkeltal 7: Andre driftskostnader

Andre driftskostnader i resultatrekneskapen er nærmare spesifiserte i note 3 i rekneskapen. Det kan vera relevant å fokusera på kostnadsarter som i vesentleg grad påverkar rekneskapen, og samanlikna utviklinga over tid. Dersom ei kostnadsart vert dividert med totale driftskostnader, vert nøkkeltalet ein relativ storleik, det vil seia den delen kostnadsarta har av totale driftskostnader. Dette storleikstilhøvet kan samanliknast over tid og med andre verksemdar. Døme på slike kostnadsarter kan vera husleie, vedlikehald, konsulenthjelp eller reiser og diett.

Note 3 i rekneskapen til dømeverksemda for 20x2 viser til dømes ein auke i andre driftskostnader. Størst er auken i husleige. Det vil vera relevant å spørja om årsaka til utviklinga i desse kostnadsartene.

Døme på oppfylgningsspørsmål:

- Korleis utviklar kostnadene til husleige og drift og vedlikehald av kontorlokale seg samanlikna med tidlegare periodar? Er dei samla kostnadene til husleige, drift og vedlikehald av kontorlokale rimelege pr arbeidsplass og arealeining sett ut ifrå statlege verksemdar som det er råd å samanlikna seg med?
- Korleis er utviklinga frå tidlegare periodar når det gjeld kjøp av konsulenthjelp?
- Korleis er utviklinga frå tidlegare periodar når det gjeld reisekostnader (eventuelt pr årsverk)?

Nøkkeltal 8: Avskrivingsdel

Avskrivning uttrykkjer kostnaden ved slitasje og elde på eigedelane til verksemda. Avskrivningar vert ikkje utbetala. Informasjon om avskrivningar er ein del av grunnlaget for å vurdere om det er sannsynleg at verksemda treng nyinvesteringar og/eller vedlikehald, attåt risiko for at drifta vert forstyrra. Dersom til dømes restverdien av kritiske varige eigedelar er låg, kan risikoen for uynskte hendingar auka. Samstundes må me sjå avskrivningar i samheng med kor mykje som vert nytta til vedlikehald over tid. Dårlig vedlikehald kan føra til at verdien av eigedelen fell snøggare enn føreset.

Avskrivingsdelen er ei gjennomsnittsutrekning for eigedelane til verksemda og dekkjer difor over skilnader mellom dei ulike typane eigedelar. Dersom ei verksemd har mange ulike typar eigedelar, kan det vera meir føremålstenleg å rekna ut avskrivingsdelen for kvar einskild av dei. Ein høg avskrivingsdel viser at det truleg trengst nyinvesteringar.

Avskrivningsdel

$$\text{Formel: } \frac{\text{Akkumulert avskrivning}}{\text{Innkjøpskost ultimo året}} \times 100$$

Avskrivningsdelen uttrykker den prosentvise delen som dei akkumulerte avskrivningane har av kostnaden med å kjøpa inn eigedelane.

Avskrivningsdelen er relevant å bruka som ledd i ein livsløpsanalyse for eigedelane til verksemda, og kan vera relevant å fokusera på både i den interne styringa av verksemda og i etatsstyringsdialogen. For det fyrste kan nøkkeltalet vera utgangspunkt for ordskifte om det trengst ekstra løyving for å finansiera nye investeringar. For det andre kan nøkkeltalet vera utgangspunkt for ordskifte om risiko for driftsavbrot og liknande dersom nye investeringar ikkje kjem innan rimeleg tid.

Rekneskapan til dømeverksemda pr 31.12.20x2:

Utrekning:

Akkumulerte avskrivningar

Frå note 4: Immaterielle eigedelar:

Akkumulerte avskrivningar 31.12.x1 1 972 100

+ Ordinære avskrivningar: 771 958

- Akkumulerte avskrivningar avgang 0

= Akkumulerte avskrivningar immaterielle eigedelar 2 744 058

Frå note 5: Varige driftsmidlar

Akkumulerte avskrivningar 31.12.x1 52 843 695

+ Ordinære avskrivningar: 5 274 736

- Akkumulerte avskrivningar avgang 3 199 900

= Akkumulerte avskrivningar varige driftsmidlar 54 918 531

Akkumulert avskrivning for dømeverksemda 57 662 589

Innkjøpskost

Frå note 4: Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar innkjøpskost 31.12.x2 5 898 095

Frå note 5: Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar innkjøpskost 31.12.x2 98 722 733

Totale innkjøpskostnader

for dømeverksemda 104 620 828

Avskrivningsdel: $(57\,662\,589 / 104\,620\,828) \times 100 = 55,1 \%$

Avskrivningsdelen til dømeverksemda er 55,1 prosent. Eigedelane til verksemda er i gjennomsnitt avskrivne til meir enn halvparten av innkjøpsverdien. Dette kan tilseia at det om eitt-to år er aktuelt å starta planlegging av framtidige reinvesteringar. Gjennomsnittsutrekninga tilseier likevel at det trengst finrekning på dei anleggsmidlane som står for den største avskrivninga, og vurderer dei særskilt.

Døme på oppfylgningsspørsmål:

- Korleis gjer ein synleg utviklinga i avskrivningane og behovet for eventuelle nye investeringar i budsjetteringa og rapporteringa til verksemda?
- Kan verksemda dekkja inn framtidige investeringsbehov innanfor eksisterande løyving?
- Kva er risikoen for driftsavbrot, dersom akkumulert del er høg?

Nøkkeltal 9: Oppretthaldingsgrad

Eigedelar i statlege verksemdar er ofte verksemdskritiske. Slitasje eller havari kan i verste fall føra til at verksemda ikkje når måla sine, og at brukarane og samfunnet vert skadelidande. I mange høve er det difor viktig å halda oppe verdien/funksjonaliteten til eigedelane gjennom vedlikehald eller utskifting i ei takt som veg opp for forbruket. Oppretthaldingsgrad uttrykkjer utviklinga i verdien til eigedelane.

Oppretthaldingsgrad bør fyrst og fremst nyttast som nøkkeltal for å overvaka og fylgja opp utviklinga over tid. Dersom verksemda har mange ulike eigedelar, kan det vera ein føremon å dela opp nøkkeltalet for å knyta det til den einskilde typen eigedel. Oppretthaldingsgrad kan vera eigna som ein styringsparameter i etats- og verksemdsstyringa dersom eigedelane er kritiske for måloppnåing.

Eigenarta til verksemda påverkar kva som er ei fornuftig oppretthaldingsgrad. Ei oppretthaldingsgrad på 100 prosent treng ikkje vera tilfredsstillande eller påkravd. Oppretthaldingsgrad for eigedelar med lang avskrivningstid (eigedom) bør reknast ut separat, vi di det på kort sikt ikkje er realistisk å måla årleg tilgang mot avskrivning.

Oppretthaldingsgrad

$$\text{Formel: } \frac{\text{Tilgang i året}}{\text{Av- og nedskrivning i året}} \times 100$$

- Oppretthaldingsgrad uttrykkjer prosentvis tilhøvet mellom innkjøp av nye eigedelar og kostnader til avskrivning og nedskrivning av tidlegare innkjøpte eigedelar.

Rekneskapan til dømeverksemda pr 31.12.20x2:

Tilgang i året	
Frå note 4: Immaterielle egedelar	
Tilgang i 20x2 Immaterielle egedelar	1 168 895
Frå note 5: Varige driftsmidlar	
Tilgang i 20x2 Varige driftsmidlar	4 016 397
Tilgang i 20x2 samla	5 185 292
Av- og nedskriving i året	
Frå note 4: Immaterielle egedelar	
Nedskrivingar i 20x2	0
Ordinære avskrivingar 20x2	774 958
Frå note 5: Varige driftsmidlar	
Nedskrivingar i 20x2	32 667
Ordinære avskrivingar i 20x2	5 274 736
Sum ned- og avskrivingar i 20x2	6 079 361

Oppretthaldingsgrad : $(5\ 185\ 292 / 6\ 079\ 361) \times 100 = 85,3\ \%$

Med ein oppretthaldingsdel på 85,3 prosent hadde dømeverksemda ein noko lågare tilgang i høve til dei ordinære avskrivingane for inneverande periode. Ein bør vurderer om dette er ei tilfredsstillande oppretthaldingsgrad eller om ein bør sjå på tiltak for å auka grada.

Døme på oppfølgingsspørsmål:

- Kva oppretthaldingsgrad er det fornuftig å ha innanfor den strategiske planperioden?
 - Kva bør gjennomsnittet vera sett over til dømes fem år?
- Har tilgangen dette året vore i tråd med planlagde innkjøp for denne planperioden?
- Fører utviklinga i oppretthaldingsgrada til endra risiko når det gjeld måloppnåinga til verksemda: oppbygging, nedbygging eller oppretthalding?

Nøkkeltal 10: Vedlikehaldsdel

For dei fleste typar varige egedelar er det naudsynt med vedlikehald for å motverka verdifall, uføremålsleg drift eller fare for uynskte hendingar i produksjonen til verksemda. Vedlikehaldskostnader går fram av note 3 i rekneskapan. Av di vedlikehaldstrongen er spesifikt knytt til kvar einskild egedel, er det store skilnader i behov og innretning av vedlikehaldet mellom ulike typar statlege verksemdar. Det er difor ikkje mogeleg å utarbeida nokre få nøkkeltal for vedlikehald som er relevante å bruka i alle samanhengar. Innanfor til dømes egedomsbransjen er det utvikla standardar, nøkkeltal eller «tommelfingerreglar» som er røynslebaserte normer for vedlikehald. Slike normer kan gjeva nyttig tilleggspålysning til rekneskapan og er eigna å bruka ved samanlikningar. Vurderingar av vedlikehaldsdel bør gjerast over tid eller i samanlikning med andre liknande verksemdar.

Nedanfor presenterer me nøkkeltalet vedlikehaldsdel, som kan vera relevant for verksemder som eig bygg og anlegg med leigeinntekter. Nøkkeltalet er meint som eit utgangspunkt for justering og tilpassing til eigenarta til verksemda. Ei slik vidare tilarbeiding kan gå ut på at vedlikehaldskostnadene i teljaren vert dividert med verksemdsspesifikke storleikar som til dømes veg- eller togskjenekilometer, kvadratmeter osb. Slike utrekningar føreset sjølvstendig at teljar og nemnar står i ein logisk samanheng med kvarandre.

Vedlikehaldsdel (bransjeavhengig)

$$\text{Formel: } \frac{\text{Vedlikehaldskostnad bygg og anlegg}}{\text{Leigeinntekt}} \times 100$$

Vedlikehaldsdel uttrykkjer det prosentvise tilhøvet mellom (på den eine sida) kostnaden som går med til å halda ved like utleigt bygg og anlegg, og (på den andre sida) leigeinntektene frå same bygg og anlegg. For ei verksemd som har leigeinntekter frå berre ein del av eigedomsmassen, er det naudsynt å henta informasjon om vedlikehaldskostnadene avgrensa til dette arealet. Slik spesifikk informasjon kan ikkje lesast rett ut av rapporteringspakka for den periodiserte rekneskapen, men er tilgjengeleg i internrekneskapen til verksemda.

Vedlikehaldsdelen kan brukast på ymse måtar. For det fyrste kan nøkkeltalet haldast opp mot ei norm for kva nivå/omfang vedlikehaldet bør ha. Til dømes kan norma vera at leigeinntektene skal dekkja drifts- og vedlikehaldskostnadene. For det andre kan nøkkeltalet brukast for å kasta ljøs over endringar over tid. Vesentlege endringar i vedlikehaldsdelen gjev ofte grunnlag for oppfylgningsspørsmål for å finna årsaker.

Døme på oppfylgningsspørsmål:

- Dersom vedlikehaldsdelen er endra frå tidlegare periodar, kva er forklaringa?
- Har vedlikehaldsrutinane vorte endra slik at kostnadene har auka eller vorte reduserte?
- Svarar vedlikehaldsdelen til det som er rekna for å vera rett nivå for den aktuelle eigedelen/dei aktuelle eigedelane?
- Kva er risikoen for driftsavbrot dersom vedlikehaldsdelen er låg over tid?

Nøkkeltall 11: Tap på krav

Dersom uteståande krav vert akkumulerte over lengre tid, aukar risikoen for tap. Det skal difor vurderast om krava kan realiserast når rekneskapen vert avlagd. SRS 19 gjev nærmare retningsliner for mellom anna rekneskapsføring av tap på krav. Då skal det mellom anna vurderast om det er naudsynt å gjera avsetnader til å dekkja forventta tap. Slike avsetnader går i så fall fram av note 13 i rekneskapen og vert kostnadsførde i resultatrekneskapen.

Tap på krav

$$\text{Formel: } \frac{\text{Avsett til forventta tap}}{\text{Kundekrav}} \times 100$$

Tap på krav uttrykkjer den prosentvise delen tap på krav av dei samla kundekrava til verksemda.

Endeleg tapsføring må taka omsyn til regelverket som gjeld for verksemda og punkt 5.4.2.5 i Føreseger om økonomistyring i staten. Dette varierer mellom ulike statlege verksemder.

For verksemder med store krav kan nøkkeltalet vera relevant å bruka både i verksemdsstyringa og i etatsstyringa til departementet.

I rekneskapan til dømeverksemda for 20x2 er det ikkje gjort avsetnader til forventta tap, og verdien av nøkkeltalet er difor null.

Døme på oppfylgningsspørsmål:

- Kva har tap på krav vore over tid (røynsletal)?
- Korleis er aldersfordelinga mellom dei uteståande krava?
- I kor stor mon er verksemda utsett for framtidig tapsrisiko?
- Burde rekneskapan innehalde avsetnad til dekking av forventta tap?
- Har verksemda gode nok rutinar for å fylgja opp uteståande krav?
- I kva mon kan verksemda gjera risikoen for framtidige tap mindre (til dømes ved hjelp av kredittvurdering av kundar)?
- Kjem utviklinga i tapa av endringar i kravsmassen?

Omløpsfart

Når me går gjennom den periodiserte rekneskapan for å vurdere korleis ei verksemd har forvalta egedelar og andre verdiar, er det nyttig å samanlikna rekneskapsførd verdi for lager på ulike rapporteringstidspunkt. Omløpsfart er eit uttrykk for kor mange gonger ein storleik vert omsett innanfor ein periode. Utvikling i varelager, leverandørgjeld og kundekrav påverkar kontantstraumane til verksemda. Verksemder med store verdiar i varelager og kundekrav har bunde mykje kapital. Det kan vera dårleg kapitalstyring dersom ei verksemd har store krav og store varelager med låg omløpsfart. Det er difor viktig å arbeida for ein omløpsfart som er tilpassa eigenarta og risikoen til verksemda.

Dei neste tre nøkkeltala handlar om omløpsfart for høvesvis varelager, kundekrav og leverandørgjeld.

Nøkkeltal 12: Omløpsfart varelager

Verdien av varelageret er spesifisert i note 12 i rekneskapan. Utrekna omløpsfart gjev grunnlag for å samanlikna med tidlegare år og med andre verksemder. Optimal omløpsfart varierer mellom varetypene. Eit varelager med høg omløpsfart kan tyda på at verksemda har periodisert innkjøpa sine på ein god måte. Låg omløpsfart viser at store varelager vert liggjande på lager som kapitalbinding. I nokre høve kan dette koma av at verksemda har kjøpt inn eit større kvantum av ei vare for å nytta ut volumavhengige rabattar frå leverandør.

Omløpsfart varelager

$$\text{Omløpsfart: } \frac{\text{Varekostnad}}{\text{Gjennomsnittleg varelager}^*}$$

**Gjennomsnittleg varelager
=(varelager pr 31.12.20x1 + varelager pr 31.12.20x2)/2*

$$\text{Omløpsfart: } \frac{365}{\text{Omløpsfart}}$$

- Omløpsfart varelager uttrykkjer kor snøgt varelageret til verksemda vert skifta ut, og uttrykkjer tilhøvet mellom varekostnad og varelager.
- Omløpsfart uttrykkjer gjennomsnittleg kor mange dagar det tek før verksemda skifter ut varelageret sitt.

I rekneskapen til dømeverksemda for 20x2 er det ikkje rekneskapsført nokon varekostnad eller noko varelager.

Døme på oppfylgningsspørsmål:

- Har verksemda tilpassa vareleveransane på eit føremålstenleg nivå i takt med forbruket?
- Kva rutinar har verksemda for uttak av gamle og nye varer frå lager?
- Har verksemda gode rutinar for varelagereteljing og verdifastsetjing?
- Svinger storleiken på varelageret mykje mellom periodane?

Nøkkeltalet 13: Omløpsfart kundekrav

Nøkkeltalet er i fyrste rekke relevant å bruka for verksemder med store kundekrav, og samanlikningar over tid gjer det eigna for å overvaka at kredittida er rimeleg. I ei vurdering av tapsrisiko kan nøkkeltalet òg nyttast i samanheng med nøkkeltalet Tap på krav.

Etter di eit stort omfang av kundekrav inneber eit potensial for store økonomiske konsekvensar av endra kredittid, kan nøkkeltalet òg vera relevant i etatsstyringa til departementet. I slike høve er det òg relevant å samanlikna med andre statlege verksemder for å tryggja at staten ikkje gjer skilnad på brukarar med omsyn til kredittid utan sakleg grunn.

Kundekrav går fram av balanseoppstillinga og er spesifisert i note 13 i rekneskapen. Omløpsfarten på kundekrav viser kor lang kredittid verksemda tillet overfor brukarane/kundane sine. Kredittida til kunden er eit rentefritt lån, og utrekning av kredittida kan gjeva indikasjonar på god eller mindre god kredittstyring. Dette bør vurderast ut ifrå ei norm for kor lang kredittid verksemda normalt bør gjeva. I nokre høve kan dette vera regulert i regelverk på fagområdet til verksemda.

Omløpsfart kundekrav

$$\text{Omløpsfart: } \frac{\text{Driftsinntekter frå kredittsal}}{\text{Gjennomsnittleg kundekrav}^*}$$

* Gjennomsnittleg kundekrav
= (kundekrav pr 31.12.20x1 + kundekrav pr 31.12.20x2) / 2

$$\text{Kredittid: } \frac{365}{\text{Omløpsfart}}$$

- Omløpsfart kundekrav uttrykkjer hvor snøgt opptent inntekt frå sal vert realisert i form av innbetaling. Låg verdi viser sein innbetaling. Driftsinntekter frå kredittsal går ikkje direkte fram av spesifikasjonen av driftsinntekter i note 1 i rekneskapen. For å kunna rekna ut talet må driftsinntekter som er knytte til kredittsal, isolerast frå andre driftsinntekter.
- Kredittid uttrykkjer kor mange dagar det tek å få innbetala uteståande kundekrav.

Døme på oppfylgingsspørsmål:

- Kan verksemda gjennom tiltak redusera kredittsaldelen?
- Har kundefordringsmassen endra seg sidan førre rapporteringa?
- Er det sett i verk tilstrekkeleg gode oppfylgings- og purrerutinar?
- Er verdien på kundekrava reell (er alt registrert no, var alt registrert ved førre rapporteringa)?

Rekneskapen til dømeverksemda pr 31.12.20x2:

Utrekningar:

Gebyr	44 916 360
+ Sals- og Leigeinntekter	13 375 400
= Driftsinntekter frå kredittsal	58 291 760

Kundekrav 20x1	5 789 686
+ kundekrav 20x2	5 444 164
= Gjennomsnittleg kundekrav	5 616 925

– Omløpsfart kundar: $58\,291\,760 / 5\,616\,925 = 10,38$

– Kredittid kundar: $365 / 10,38 = 35$ dagar

For kundekrava kan lengre kredittid tyda tapt likviditet og mindre god forvaltning av statskapitalen. Dømet viser at kundane til dømeverksemda har ein betalingsperiode på gjennomsnittleg 35 dagar. Skal betalingsperioden strammast inn og koma nærmare 30?

Nøkkeltal 14: Omløpsfart leverandørgjeld

Omløpsfart leverandørgjeld kastar ljøs over korleis verksemda nyttar ut kredittidene overfor leverandørane sine. Kredittida må vurderast i høve til kva som er rekna som normalt eller rimeleg. Det er relativt vanleg at leverandørar til staten tilbyr kredittid på 30 dagar, noko alt etter kva som vert levert. Kredittida til verksemda kan haldast for eit rentefritt lån frå leverandøren. Dersom verksemda betalar rekningar for tidleg, vert ikkje denne økonomiske føremonen til staten utnytta. Dersom rekningar vert betala for seint, risikerer verksemda å få morarenter. Låg omløpsfart viser sein innbetaling.

Omløpsfart leverandørgjeld

$$\text{Omløpsfart: } \frac{\text{Varekostnad}}{\text{Gjennomsnittleg leverandørgjeld*}}$$

$$\begin{aligned} & * \text{ Gjennomsnittleg leverandørgjeld} \\ & = (\text{leverandørgjeld pr 31.12.20x1} + \text{leverandørgjeld pr 31.12.20x2}) / 2 \end{aligned}$$

$$\text{Kredittid: } \frac{365}{\text{Omløpsfart}}$$

- Omløpsfart leverandørgjeld uttrykkjer kor snøgt verksemda betalar for innkjøp av varer og tenester. Låg verdi syner sein utbetaling.
- Kredittid uttrykkjer kor mange dagar det går før verksemda i gjennomsnitt betalar leverandørane sine. Lang kredittid må vurderast ut frå kva som er normal kredittid på området (ofte 30 dagar).

I rekneskapen til dømeverksemda for 20x2 er det ikkje rekneskapsført nokon varekostnad.

Døme på oppfylgingsspørsmål:

- Kva rutinar har verksemda for registrering og betaling av fakturaer?
- Svingar uteståande leverandørgjeld mykje mellom periodane?
- Nyttar verksemda kredittida til god likviditetsstyring?

3 Vedlegg 1: Oversyn over nøkkeltal

Nr	Namn	Kva viser nøkkeltalet? Kvar er kjelda i rekneskapen?
1	Løyvingsdel	<div style="border: 1px solid black; padding: 10px; text-align: center;"> Formel: $\frac{\text{Inntekt frå løyving}}{\text{Sum driftsinntekter}} \times 100$ </div> <p>Løyvingsdelen uttrykkjer prosentvis del inntekt frå løyving i høve til dei samla inntektene til verksemda.</p> <p>Kjelde: Inntekt frå løyving Sum driftsinntekter</p> <p style="text-align: right;">Resultatrekneskapen Resultatrekneskapen</p>
<p>Døme på oppfylgingsspørsmål</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er storleiken på transaksjonsbaserte inntekter i tråd med føremålet eller målet til verksemda? • Kor høgt prioriterer ein aktivitetar som kjem frå transaksjonsbaserte inntekter, sett i høve til inntekter frå løyvingar? • Ventar ein at framtidig løyvingsdel kjem til å vera stabil? • Kva risiko knyter seg til utviklinga i framtidige inntekter (eksterne og frå løyvingar)? 		
2	Løns- kostnadsdel	<div style="border: 1px solid black; padding: 10px; text-align: center;"> Formel: $\frac{\text{Løn og sosiale kostnader}}{\text{Sum driftskostnader}} \times 100$ </div> <p>Lønskostnadsdelen uttrykkjer prosentvis del løn og sosiale kostnader av sum driftskostnader.</p> <p>Kjelde: Løn og sosiale kostnader Sum driftskostnader</p> <p style="text-align: right;">Resultatrekneskapen Resultatrekneskapen</p>
<p>Døme på oppfylgingsspørsmål</p> <ul style="list-style-type: none"> • Har lønskostnadsdelen endra seg over tid? • Er ein eventuell reduksjon ein konsekvens av meir kjøp av konsulenttenester? • Kva utvikling er det i overtidsutbetalingane? • Er dei sosiale kostnadene reduserte? 		
3	Årsverks- kostnad	<div style="border: 1px solid black; padding: 10px; text-align: center;"> Formel: $\frac{\text{Løn og sosiale kostnader}}{\text{Talet på årsverk}}$ </div> <p>Årsverkskostnaden uttrykkjer gjennomsnittleg direkte kostnad pr årsverk.</p> <p>Kjelde: Løn og sosiale kostnader Talet på årsverk</p> <p style="text-align: right;">Resultatrekneskapen Note 2</p>
